# Årsmelding Fyresdal Turlag 2025.

Laget som blei etablert i april 2015, har hatt fylgjande styre i 2025:
Sven Lie, Ragnhild Berge, Gunhild Momrak, Grethe Lassemo, Berit Bjaadal.
Valkomité:, Hans Haakenstad, leiar, Mona Verina Lofthus og Wenche Sandvik.

**Årets aktivitetar:**

1. Innlegg i AAT sitt hefte Austheine 2025:
   Sven skreiv om «Fyresdal Turlag 10 år».
2. Turlaget har trykt opp turprogram 2025 i 300 eksemplar. Turprogrammet blei dela ut til turdeltakarar, turistinformasjonen i Fyresdal og AAT i Arendal.
   I tillegg er alle turane lagt inn i Naturlosen 2025 utgjeven av Friluftsrådet Sør.
   Vidare i Kommuneinformasjonen, i Kva Skjer og på Facebook.
3. Turlaget hadde stand på Bygdedagen, der dei mellom anna dela ut premiar.
   Elvelotto gav god inntekt, kr. 14,000 ,-netto etter å ha sett av kr. 3 000, -2 000.- og kr.1000,- til gåvekort.
4. Turlaget har i 2025 arrangert turar kvar tysdag, onsdag og nokre andre dagar.
   Tysdagar/torsdagar, så langt 50 turar med snitt på 9 deltakarar.
   Onsdagsturar, 46 turar med snitt på 26 deltakarar.
5. Alt den 11. januar hadde vi filminnspeling på Tretoppvegen med fokus på friluftsliv i regi av KS. 38 personar stilte opp.
6. Den 29 mai tur til Gygrestolen med 32 deltakarar, Helge Kiland turleder. Vi har og hatt tur til Hægefjell med 18 deltakarar og til Trongedalsnuten med Arnhild Smeland, 19 deltakarar.
7. Den 2-3-4 juli hadde vi en overnattingstur til Mogen Turisthytte, 2 dagar eller 3 dagar, 24 deltakarar. Turen var inkludert båttransport på Møsvatn, triveleg middag og frukost på Mogen og ein flott tur inn til Kvennadalen med Lars Torstein Momrak som guide.
8. Den 29 juli feira vi 10 års jubileum for turlaget med 40 deltakarar. Det blei arrangert 3 forskjellige turar i Birtedalen og etter turane blei det servera rjomegraut og spekemat i den gamle butikken i Birtedalen.
9. Vi arrangerte òg ein dagstur, 14 august, til Grimstad og kysten, del av Raet nasjonalpark med Ove Bach som guide. 14 deltakarar var med og vi avslutta turen med middag i Grimstad.
10. Turlaget har 16 fadderar (18 turstigar) som utfører dugnadsarbeid med vedlikehald av turstigane. Nya fadderar i år er:
    Randi M, Søtdalsvarden, Rudolf H, Tjønnefjell, Unni V og Rune P, Geitnetten.
11. Bindalsfjell blir fjerna som turmål, på grunn av at vegen inn til Bindalen blir stengt for trafikk. Ny turstig i Kilegrend planleggast i område nord om Kleivtjønn.

12. Dugnadsinnsatsen i 2025 har vore god. Så langt er det rapportera totalt 310 dugnadstimar fordela på 115 timar administrasjon og 195 timar ute i felt.
    Forutan  vanleg vedlikehald med rydding och skilting har vi hatt 2 store dugnader:
    --Lagt klopper på stigen till Nasefjell, materiale oppkøyrt av Vetle L på seinvinteren.
    --Lagt klopper på stigen till Igletjønnuten, materiale blei oppkøyrt med  helikopter som bli nytta til kalking.
13. Turlaget har initiert en gjennomgang av avtaler, som gjeld alle turstigane som kommunen har med grunneigarar grunna generasjonsskifte.  Blir gjennomført i 2026.
14. Representantar for turlaget har deltake i møter om Dagsturhytte og vidareutvikling av Hamaren-Tretoppvegen aktivitetsområde.
15. Turlaget var med på jolemarknaden i desember med sal av kalendrar og bålfyring.
16. Medlemstalet var 62 medlemmar i november. (= 2024)
17. Årets resultat, + 7.614 kr og laget hadde per 31.12.2025 på konto 67.248 kr.

2026-02-02  /Styret i Fyresdal Turlag